



Børnes er truleg iferd å bli eit vekstområde etter å ha stampa i motvind gjennom mange år og Kvinnherad Byggutvikling er eit talande døme på det.

3 år etter at firmaet etablerte seg i området har det vel 3 gonger så mange tilsette som ved etableringa - det har med andre ord hatt ein vekst frå 3 til 10 arbeidsplassar. Dei 2 siste fagarbeidarane vart tilsett for stutt tid sidan.

uskedalen.no spør dagleg lleiar Las Øyjord om grunnen til den raske ekspansjonen er dyktigheit eller at markedet veks så raskt. - Eg vonar at begge deler ligg til grunn, lyder svaret, Øyjord slår fast at det er nok å gjera i Kvinnherad for tida, med mange prosjekt på beddingen.

Eit av dei større posjekta er utvidinga av SPAR som skal vera ferdig og opnast med stor festivitats fredag .! juni. Akkurat no ligg dette prosjektet minst ei veke foran planen utan at innflyttingsdatoen er justert. Det er i vesentlg grad lokale firma som tek seg av utvidinga og Børnes-selskapet har ikkje berre ansvaret for elektro, men også for måling og flislegging.

På biletet står Øyjord og fagarbeidar Magnus Ljostveit frå Guddal ved den nye SPAR-utvidinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen